



Geir Styve
Hjelmåsen 37
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6480 - 17/1094

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
13.01.2017

Tilbakemelding på klage på avgjerd om avslutning av sak - gbnr 202/108 Hjelmåsen

Lindås kommune viser til brev datert 24.10.2016, som gjeld klage på avgjerd om avslutning av sak. Brevet gjeldt ein klage på Lindås kommune sitt brev datert 18.10.2016. Vi beklagar sein tilbakemelding og lang sakshandsamingstid.

Det vert gjort merksam på at vårt brev datert 18.10.2016 ikkje er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova og heller ikkje kan klagast på etter reglane i forvaltningslova kapittel 6.

I Lindås kommune sitt brev datert 18.10.2016 vert det vist til at kommunen ikkje kan sjå at det er av betydning for vårt vedtak om tilkopling til offentleg vatn og avløp, at det ikkje ligg føre grunneigaravtale mellom eigar av gbnr 202/3 og gbnr 202/108 om rett til å etablere vatn- og avløpsanlegg på andre sin eigedom.

I ditt brev datert 24.10.2016 viser du mellom anna til at du ikkje meiner dette er rett forvaltning, og at dette spørsmålet er tatt opp med Kommunal- og modernisering departementet.

I svaret frå departementet datert 21.12.2016 vert det vist til at kommunen ikkje har ei plikt til å be om dokumentasjon for at søkjar har sikra seg retten til å leggja leidningar/anlegg over annan mann sin grunn. Departementet sitt brev er i samsvar med den vurderinga som kommunen har gjort.

I ditt brev har du peika på faktafeil, og vist til at kommunen har kravd inn grunneigaravtale i saka. Det er riktig at kommunen i denne saka har gjort det. Dette vart gjort etter at vedtak om tilkopling vart fatta den 15.01.2013. Det forholdet at kommunen i etterkant av at det vart gjort vedtak har bedt om innsending av grunnavtale, er slik vi vurderer det ikkje avgjerande for sjølve vedtaket då det ikkje er sett som eit vilkår for tilkoplinga.



Vi gjer merksam på at den vurderinga som er gjort i vårt brev datert 18.10.2016 gjeld vurderinga opp mot søknad om tilkopling til offentleg vatn og avløpsanlegg etter Lindås kommune sine Administrative bestemmelser for standard abonnementsvilkår.

Forholdet til plan- og bygningslova:

Etter ein gjennomgang i kommunen sitt arkiv, kan vi ikkje sjå at det ligg føre løyve til etablering av borehol for vatn og avløpsanlegg etter plan- og bygningslova.

Dette forholdet vil kommunen ta opp direkte med heimelshavar av gbnr 202/108.

Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Sivilombudsmannen Stortingets	Postboks 3	0101	OSLO
Ombudsmann For Forvaltningen	Sentrum		
Sylvia Judit Staff	Bølgebakken 11	6507	KRISTIANSUND N

Mottakarar:

Geir Styve	Hjelmåsen 37	5915	HJELMÅS
------------	--------------	------	---------